

Vår sakshandsamar  
Ingalill Lien Kristiansen, +47 57 82 80 00Vår dato  
17.07.2023  
Dykkar dato  
28.06.2023OSTERØY KOMMUNE  
Postboks 1  
5293 LONEVÅG

## Svar på spørsmål om tilskot til frivilligsentralar - OSTERØY KOMMUNE

Vi viser til dykkar brev datert 28. juni 2023 om tilskot til frivilligsentralar.

I brevet skriv de blant anna at klargjering av lokala og tilsetning av frivilligkoordinator i 100 prosent stilling tok lengre tid enn venta. Frivilligkoordinatoren begynte 2. mai 2023 og lokala til frivilligsentralen blei flytta inn i 7. mai. De har også opplyst at de har gjort ulike tiltak for å redusere avvika. De ber avslutningsvis om ei vurdering av saka frå oss.

Den generelle tilnærminga vår er at krava i forskrifta om tilskot til frivilligsentralar må vere oppfylt for at ein frivilligsentral kan få tilskot. Samtidig har både Kultur- og likestillingsdepartementet og vi kommunisert at vi har forståing for at det kan ta tid å tilpasse seg og innrette seg etter ny forskrift det første året forskrifta gjeld.

Basert på opplysningane i brevet dykkar, har vi difor kome til at det de beskriv er tilstrekkeleg dette året, så framt frivilligkoordinatoren er 100 prosent knytt til frivilligsentralen og ikkje har andre oppgåver i kommunen i tillegg.

Med helsing

Ingalill Lien Kristiansen  
rådgivar